



Thomas Vågenes

Dato: 11.04.2017

Vår ref.: 2017/938-10

Saksbehandlar: lisadla

Dykkar ref.:

Svar på brev om tiltak på fylkesveg 57

Det vert vist til dykkar brev av 25. januar 2017 vedkommande tiltak på fylkesveg 57.

Brevet vart lagt fram i Utval for miljø og samferdsel sitt møte 15. mars 2017, RS 14/2017. I møteprotokollen heiter det følgjande:

I samband med RS 14/17 «Tiltak på Fv. 57» bad Astrid Aarhus Byrknes (KrF) om at det vert svart på brevet som ligg i meldinga. Fylkesdirektør samferdsel stadfesta at dette vil verte gjort.

Du gjev ein god ut utfyllande omtale av saka, og di uro for trafikktryggleiken langs fylkesveg 57. Problemstillingane som du løftar er vesentlege, og fylkeskommunen er samd i at det er mange utfordringar med trafikktihøva langs fylkesveg 57. Ettersom saka er så godt kjent frå tidlegare vil vi ikkje gå i detalj i dette svarbrevet.

Som du gjerne er kjend med så er Regional transportplan for Hordaland (RTP) det viktigaste styringsdokumentet for fylkesvegnettet i Hordaland. Dette strategidokumentet er no underrullering for perioden 2018-2029, og skal fram til endeleg fylkeskommunal handsaming i juni 2017. RTP gjev dei overordna måla og føringane for den perioden. Her er både trafikktryggleik og tilbod til gåande og syklande viktige satsingsområde. Fylkesveg 57 er kategorisert som ein overordna fylkesveg, og vil difor blir prioritert med strekningsvise utbetringar. Dette gjeld i hovudsak større vedlikehaldsarbeid med investeringskarakter. Til det nemnde RTP-dokumentet vil det lagast eit Investeringsprogram for fylkesvegnettet for same periode. Her vil ein gå i meir detalj på kva prosjekt som skal prioriterast. Investeringsprogrammet er no under utarbeiding, og skal fram i fylkestinget i desember. Det vil verte høve for alle til å kome med høyringsinnspeil til dette programmet i perioden august/september.

Når det er sagt så er det viktig for fylkeskommunen å minne om dei økonomiske rammene som er løyvd til fylkesvegnettet. Det er klårt at fylkeskommunen har mange store og omfattande bindingar, til dømes bompengepakkane, utbetringar av tunnelar etter Tunnelsikkerhetsforskriften og større vedlikehald av fylkesvegbruer og -kaiar, enn det det er løvingar til. I tillegg er det mange planprosjekt under arbeid/ferdigstilte som heller ikkje har ei avklart finansiering. Dette gjeld også planane om etablering av gang- og sykkelveg langs fylkesveg 57.

Oppsummert så vert det å koma attende til ved handsaminga av Investeringsprogrammet til hausten korvidt det vert prioritert å byggje ei gang- og sykelløysing langs fylkesveg 57 den kommande planperioden, 2018-2029.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.